



Vanylven kommune
Rådmannskontoret

KOMM. OG REG. DEP

07 SEPT 2006

06/1592-107

Ark. 012.1

Avd. KO/KJ/KMS

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Vår ref.

06/00619-006/KKV

Arkivkode

010

Dykkar ref.

Dato

05.09.2006

MELDING OM VEDTAK

UTTALE - HØYRINGSNOTAT OM ENDRINGAR I VALLOVA

Kommunestyret handsama i møte 04.09.2006 sak 0060/06. Følgjande vedtak vart fatta:

A: Lovendringar

Vanylven kommune har følgjande merknader til forslag til endringar i vallova:

- Ordninga med utsending av valkort må framleis vere frivillig.
- Førhandsrøyster må framleis vere komne inn til valstyret kl. 20.00 på valdagen.

Forøvrig støttar kommunen endringsforslaget.


B: Andre tema

-Vanylven kommune meiner at skjeringsdatoen for manntallet kan forskuvast frå 31. mai til 30. juni i valåret utan at dette vil gjere det vanskeleg å sende ut valkort.

Saksutgreiing ligg ved til orientering.

Rett utskrift:

Vanylven kommune


Kåre Kvangarsnes

Postadresse:
Rådhuset
6143 Fiskåbygd

Besøksadresse:
Rådhuset
Fiskåbygd

Telefon: 700 23700
Telefaks: 700 23737
E-post: postmottak@vanylven.kommune.no

SAMLA SAKSFRAMSTILLING**VEDLEGG** (D)

. 06/1592 07

Arkivsak: 06/00619

UTTALE - HØYRINGSNOTAT OM ENDRINGAR I VALLOVA

Saksh.:	Kåre Kvangarsnes	Arkivkode:	010
Saksnr.:	Utval	Møtedato	
0121/06	Formannskapet	21.08.2006	
0060/06	Kommunestyret	04.09.2006	

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Kåre Kvangarsnes Arkiv: 010
 Arkivsaksnr.: 06/00619

Utvalssak nr 0121/06 Formannskapet og 0060/06 Kommunestyret

UTTALE - HØYRINGSNOTAT OM ENDRINGAR I VALLOVA**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**Formannskapet tilrår:**A: Lovendringar**

Vanylven kommune har følgjande merknader til forslag til endringar i vallova:

- Ordninga med utsending av valkort må framleis vere frivillig.
- Førehandsrøyster må framleis vere komne inn til valstyret kl. 20.00 på valdagen.

Forøvrig støttar kommunen endringsforslaget.

B: Andre tema

- Vanylven kommune meiner at skjeringsdatoen for manntallet kan forskuvast frå 30. mai til 31. juni i valåret utan at dette vil gjere det vanskeleg å sende ut valkort.

- Vanylven kommune ser ikkje at det er grunnlag for å innføre restriksjonar når det gjeld publisering av av meningsmålingar i media dei siste dagane før valet.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut eit høyringsnotat om endringar i vallova. I tillegg bed ein om synspunkt på nokre tema der det ikkje er føreslege lovendringar. Fristen for å kome med uttale er sett til 20. september 2006. Ein viser til vedlagd høyringsnotat m/fylgjeskriv.

VURDERING:**A. Lovendringar:**

1. *Departementet vil pålegge kommunane å sende ut valkort til alle veljarane i kommunen.*
I dag er dette frivillig. Vi har ikkje sendt ut valkort ved dei siste vala. Dette fører til auka kostnader for kommunen – ca kr. 20.000.

Departementet peikar på at ved utsending av valkort får kvar enkelt veljar meir direkte informasjon om valet; m.a om røystelokale etc, noko som bør føre til auka valdeltaking. I ein oversiktleg kommune som Vanylven bør det ikkje vere naudsynt med slik obligatorisk utsending av valkort.

Vi er svært skeptiske til dette forslaget, og vil ikkje tilrå at det vert gjort endringar i vallova på dette punktet. Dagens ordning med frivillig utsending av valkort fungerer godt.

2. *Førehandsrøysteperioden skal avsluttast innanriks siste torsdag før valdagen og utanriks fredag ei veke før valdagen.*

Etter gjeldande lov kan ein førehandsrøyste til og med siste fredag før valdagen både innanriks og utanriks. Dette vil auka moglegheita for at røyster som skal sendast kjem fram i tide. Vi støttar forslaget.

3. *Frist for å søkje om å få avgi røyst ved ambulerande røystemottaking må ikkje setjast seinare enn siste torsdag før valdagen.*

Dette er ein dag tidlegare enn i gjeldande lov

Dette ser greitt ut – ingen ytterlegare kommentar.

4. *Førehandsrøystene må vere komne inn til valstyret innan kl. 20.00 første tysdag etter valdagen.*

Etter gjeldande lov må førehandsrøystene vere komne inn til valstyret kl. 20.00 på valdagen. Vi stiller oss svært skeptisk til dette forslaget som inneber at det endelege valresultatet vert klart først tysdagskvelden. Ved kommuneval vil ikkje endeleg samansetning av kommunestyret vere klar før tysdag kveld. Grunnen til forslaget er at ein vil unngå at røyster vert forkasta fordi dei kjem inn for seint. Det er sjølvstøtt svært uheldig at førehandsrøyster vert forkasta. Departementet foreslår no at førehandsrøystinga innanriks skal avsluttast torsdag; jfr. ovanfor. Det må difor vere mogleg at Posten greier å få desse røystene fram til kl. 20.00 på valdagen – måndag. Ein opplyser i høyringsnotatet at departementet vil ta kontakt med Posten med sikte på at førehandsrøystene kjem raskare fram. Posten må kunne prioritere desse sendingane dei siste dagane før valet.

5. *Veljar som er ukjend for røystemottakar skal legitimere seg. Dersom veljar ikkje har legitimasjon, kan identiteten stadfestast av ein annen person over 18 år som legitimerer seg.*
Dette er ei problemstilling som er mykje meir aktuell i større kommunar. Vi har likevel ingen merknader til foreslått lovendring.

6. *Førebels oppteljing skal gjerast ved manuell oppteljing av røystesetlane. Førebels oppteljing av røystesetlane kan likevel forgå ved eit edb-teknisk system dersom ein nyttar eit anna system enn ved den endelege oppteljinga.*

Lova har i dag ikkje bestemte krev til manuell eller elektronisk teljing av røystesetlar. Dette vert no presisert i det ny lovforslaget. Elles legg ein merke til at departementet understrekar at røystene skal teljast og ikkje vegast slik enkelte kommunar har gjort. Forslaget verkar greitt.

7. Kontrollteljing av røystesetlane pga. avvik mellom førebels og endeleg oppteljing skal foregå manuelt.

Grei presisering.

8. Førebels oppteljing av røystesetlar avgitt på førehand kan starte søndag før valdagen.

Etter gjeldande rett kan ein ikkje starte med denne teljinga før på måndag.

Vi har ingen merknader til forslaget.

B. Andre tema:

1. Departementet spør om skjeringsdatoen for manntallet kan forskuvast frå 30. mai til 31. juni i valåret utan at dette vil gjere det vanskeleg å sende ut valkort.

Forskuvinga av skjeringsdatoen fører til at fleire veljarar vil kunne røyste i den kommunen dei bur i på valdagen.

Det bør la seg gjere å produsere og sende ut valkort før førehandsrøystinga startar 10. august.

2. Departementet spør også om det bør innførast restriksjonar når det gjeld publisering av av meiningsmålingar i media dei site dagane før valet.

Vi kan ikkje sjå at det bør innførast slike restriksjonar; jfr. resultat av utgreiing frå Universitetet i Oslo, referert i høyringsnotatat, der det går fram at det ikkje kan påvisast klare samanhengar mellom partia sin oppslutningar på meiningsmålingar og den oppslutning dei oppnår i sjølvvalet.



Saksprotokoll

Utvalg: Formannskapet
Møtedato: 21.08.2006
Sak: 0121/06

Resultat: Framlegget tilrådd

Arkivsak: 06/00619

Tittel: **SAKS PROTOKOLL: UTTALE - HØYRINGSNOTAT OM
ENDRINGAR I VALLOVA**

Behandling:

Samrøystes tilråding som framlegget.

Vedtak:

Formannskapet tilrår:

A: Lovendringar

Vanylven kommune har følgjande merknader til forslag til endringar i vallova:

- Ordninga med utsending av valkort må framleis vere frivillig.
- Førhandsrøyster må framleis vere komne inn til valstyret kl. 20.00 på valdagen.

Forøvrig støttar kommunen endringsforslaget.

B: Andre tema

-Vanylven kommune meiner at skjeringsdatoen for manntallet kan forskuvast frå 31. mai til 30. juni i valåret utan at dette vil gjere det vanskeleg å sende ut valkort.

- Vanylven kommune ser ikkje at det er grunnlag for å innføre restriksjonar når det gjeld publisering av av meiningsmålingar i media dei siste dagane før valet.



Saksprotokoll

Utvalg: Kommunestyret
Møtedato: 04.09.2006
Sak: 0060/06

Resultat: Framlegget vedteke m/endr

Arkivsak: 06/00619

Tittel: **SAKS PROTOKOLL: UTTALE - HØYRINGSNOTAT OM
ENDRINGAR I VALLOVA**

Behandling:

Framlegg frå Lasse Rindal:
Stryk siste setning under punkt B i tilrådinga.

Tilrådinga minus siste setning under punkt B vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

A: Lovendringar

Vanylven kommune har følgjande merknader til forslag til endringar i vallova:

- Ordninga med utsending av valkort må framleis vere frivillig.
- Førehandsrøyster må framleis vere komne inn til valstyret kl. 20.00 på valdagen.

Forøvrig støttar kommunen endringsforslaget.

B: Andre tema

-Vanylven kommune meiner at skjeringsdatoen for manntallet kan forskuvast frå 31. mai til 30. juni i valåret utan at dette vil gjere det vanskeleg å sende ut valkort.

Rett utskrift 05.09.06


Kåre Kvangarsnes